*«Planen legg opp til fortetting med nye bustadeiningar i eksisterande bustadformål, utan krav til regulering. Fortetting i eksisterande byggeområde er å effektivisera areal ved å bygge nye bustadeiningar som koplar seg på eksisterande infrastruktur.»*

Å nekte denne ene boenheten å kople seg til det eksisterende veianlegget er klart i strid med denne målsetningen, ettersom eiendommen ligger i et etablert boligfelt på Knappskog. I tillegg til å være inngripende for grunneier, er også avslaget negativt for kommunens målsetning om fortetting.

Det fremheves også at det er Statens vegvesen som har etablert det aktuelle krysset. Eiendommen som den omsøkte parsellen nå er utskilt fra (gnr. 34, bnr. 100), hadde tidligere utkjørsel direkte fra eiendommen og ut på fylkesveien. Vegvesenet krevde imidlertid utkjørselen flyttet dit den er i dag, på slutten av 1980-tallet. Vegvesenet var selv byggherre ved anlegg av det nye krysset. Dersom veianlegget ikke er opparbeidet på slik måte at det kan håndtere en bruksutvikling uten at

dette medfører en usikker trafikk-løsning, er ikke dette noe de private har rådighet over. Når vegvesenet først har påkrevd og gitt samtykke til at bnr. 100 kan benytte krysset, virker det vilkårlig og inngripende at vegvesenet ved en så vidt liten utvidelse av bruken som nå er omsøkt, skal kunne sette en begrensning på tillatt bruk av avkjørselen, uten at det foreligger svært sterke trafikale hensyn bak avslaget.

Det kan trekkes en analogi mot reglene om privatrettslige rettigheter til vei ved utskillelse av nye parseller. Dersom en tomt A, som har veirett over en annen eiendom (tomt B), utskiller en parsell og dette er i samsvar med det som er påregnelig på stedet, vil tomt A sin veirett som hovedregel utvides til også å omfatte den utskilte parsell. Innhentelse av ny veirett er da ikke nødvendig. Det samme prinsippet bør også gjelde for veivesenets avkjørsel. Når vegvesenet allerede har gitt tillatelse til at brukerne av Hushaugen-veien kan benytte avkjørselen, bør det særlige grunner til for at denne rettigheten ikke også skal komme til gode for senere utskilte parseller, hvor ny bruk ikke overstiger det som er en påregnelig utvikling av området.

Det legges etter dette til grunn at fordelene ved å avslå søknaden er for liten i forhold til hvor inngripende avslaget er. Kommunens skjønnsvurdering etter Vegloven § 40 kan derfor ikke stå seg iht. forholdsmessighetsprinsippet.

#### **4. Avslutning**

På bakgrunn av ovenfor nevnte forhold gjøres det gjeldende at vegvesenet har gjort en uriktig vurdering av søknaden. Ved å tolke Vegloven § 40 i lys av legalitets- og forholdsmessighetsprinsippet, anses ikke lovens vilkår for avslag å være oppfylt. Det anføres derfor at vedtaket må omgjøres og tillatelse innvilges, jf. fvl. § 33.

Subsidiært gjøres det gjeldende at søker i det minste bør gis en midlertidig rett.

Dersom Statens vegvesen ikke omgjør vedtaket av eget tiltak, ber vi om at denne klagen oversendes Hordaland Fylkeskommune for overprøving.

Med vennlig hilsen  
For advokat Katrine Lillejord



Ingrid Arskog Storevik  
Advokatfullmektig  
ias@harris.no  
55 30 27 00



# FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

## Melding om vedtak

Delegert plan- og utbyggingssjefen - saknr.15/461

Byggmester Reidar Vallestad AS  
Att. Alexander Berg Kristensen  
Kleivanevegen 3  
5357 FJELL

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2015/1612 - 15678/2015	Tonje Kyrkjeide Åsebø - 55 09 73 46	07.07.2015

### **Løyve til etablering av tilkomstveg og parkeringsplass på gnr. 30/16 og 100 - Foldnes** **Tiltakshavar: Hellemyra AS**

---

#### **Delegert vedtak:**

**I medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 21-4 vert etablering av tilkomstveg og parkeringsplass på eigedommen gnr. 30, bnr. 16 og 100 godkjent slik det går fram av søknad, situasjonskart og teikningar motteke 29.06.2015.**

**Løyve omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som oppgjeve under avsnittet «Ansvar og kontroll».**

**Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Det må ikkje utførast arbeid utover det som er omfatta av løyve.**

**Dette løyvet saman med gjennomføringsplan skal alltid vera tilstades på byggeplassen.**

**Tiltaket skal utførast i samsvar med dokumentasjonen ovanfor og elles på dei vilkår som går fram av saka.**

**Det vert med dette gjeve løyve til igangsetting av tiltaket.**

---

## Søknaden

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av tilkomstveg over gnr. 30, bnr. 16, og parkeringsplass på gnr. 30, bnr. 100.

Søknad er motteken : 29.06.2015  
Ansvarleg søkjar : Byggmester Reidar Vallestad AS  
Tiltak : Tilkomstveg og parkeringsplass  
Eigedom : Gnr. 30, bnr. 16 og 100  
Vegtilkomst: : Privat via offentleg  
Planstatus : Utbyggingsplan for Knappskog  
Nabovarsling : Utført utan merknader

Saka vert handsama i medhald av delegert fullmakt frå kommunestyret.

## Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er nabovarsla i samsvar med føresegna i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

## Plangrunnlag

Eigedommen vert omfatta av utbyggingsplan for Knappskog, vedteken 06.11.1989.

## Veg og tilkomst

Tilkomstveg er vist i samsvar med utbyggingsplan. Samtidig skal den også nyttast som tilkomstveg til gnr. 30, bnr. 715, ein tomt som ikkje var rekna med i utbyggingsplanen. Det må difor ligge føre løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrse før tilkomstvegen kan nyttast til denne eigedomen.

## Visuell utforming

Tiltaket innehar etter plan- og bygningsstyresmaktene sitt skjønne gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlige omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

## Tryggleik mot fare

Tiltaket skal ikkje plasserast i område med fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøforhold, jf. opplysningar gjeve i søknad.

## Vurdering:

Plan- og utbyggings sjefen har ikkje merknader til tiltaket.

## Ansvar og kontroll:

Ansvarlege føretak er godkjent i samsvar med søknader om ansvarsrett.

Tiltaket skal utførast slik at krav i eller i medhald av plan- og bygningslova vert etterkome. Ansvarleg kontrollføretak er ansvarleg for at kontroll vert gjennomført og dokumentert i samsvar med gjennomføringsplan og tildelt ansvarsrett.

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
<i>Byggmester Reidar Vallestad AS</i>	S	SØK/1/Heile tiltaket PRO/1/Utforming av situasjonsplan og profiler
<i>Sartor Maskin AS</i>	S	PRO/1/Grunnarbeider for veg og parkeringsplass

		UTF/1/Grunnarbeid for veg og parkeringsplass
Sotra Oppmåling AS	S	UTF/2/Plassering

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

### **Plassering:**

Dette tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart.

Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonskart motteke 29.06.2015.

### **Ferdigstilling:**

Når tiltaket er ferdig skal ansvarleg søkjar sjå til at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk. Krav om ferdigattest eller mellombels bruksløyve skal vera vedlagt naudsynt dokumentasjon (jfr. SAK 2010 kap. 8):

- ◆ Løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve

### **Endring av løyvet:**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Dersom ein ønskjer å endra tiltaket i høve til denne godkjenninga må det søkjast særskilt om dette.

Dersom det vert skifte av tiltakshavar eller ansvarleg søkjar før tiltaket er fullført, skal det straks meldast til kommunen. Det same gjeld ved skifte av eigar, jf. pbl. § 23-2.

### **Gebyr:**

Behandlingsgebyr er rekna ut frå lokal forskrift om kommunale gebyr for 2015.

Tiltaket fell under følgjande punkt i forskrifta:

4.5 Parkeringsplass < 100m<sup>2</sup>, vegar < 100lm: kr 4 730

+

4.7 Gebyr for behandling av søknader om ansvarsrett:  
Sentral godkjenning kr 946 x 3 = kr 2 838

---

= Totalt gebyr: kr 7 568

---

Faktura vert ettersendt tiltakshavar.

### **Klage:**

Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen melding om vedtaket kom fram til vedkomande part. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen, jf. forvaltningslova §32. Vis til vedtaket De klagar over, den eller dei endringar De ønskjer, og dei grunnane De vil vise til i klagen.

Dersom De klagar seint slik at det kan være uklårt for oss om De har klagt i rett tid, må De også opplyse om kva dato denne meldinga kom fram.


De har etter forvaltningslova § 18 rett til å gjere deg kjent med dokumenta i saka dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i §§ 18 til 19.

Dersom det er mogeleg at gjennomføring av vedtaket vert til skade for deg, kan De be om utsett iverksetting av vedtak, jf. forvaltningslova § 42.


Det vert gjort merksam på at søksmål etter tvistemålslova ikkje kan reisast utan at retten til klage er nytta og klagen er avgjort av klageinstansen, jf forvaltningslova § 27 b. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klagen er sett fram, og det ikkje skuldast forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg.

Vi ber om at De ved all kontakt med oss gjev opp saka sitt referansenr: **2015/1612.**

Med helsing



Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef



Tonje Kyrkjeide Åsebø  
rådgjevar



# FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

## Melding om vedtak

Delegert plan- og utbyggingssjefen - saknr.15/450

Byggmester Reidar Vallstad AS  
Att. Terje avallestad  
Klaivanevegen 3  
5357 FJELL

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh.- tlf.	Dato
	2015/78 - 14626/2015	Tonje Kyrkjeide Åsebø - 55 09 73 46	07.07.2015

### **Dispensasjon og løyve til oppføring av bustad på gnr 30/100 - Knappskog Tiltakshavar: Hellemyra AS**

---

#### **Delegert vedtak:**

- 1. Plan og utbyggingssjefen gjev dispensasjon frå utbyggingsplan tillaten etasjetal for oppføring av einebustad på gnr. 30, bnr. 715.**

Plan og utbyggingssjefen finn at det er grunnlag for dispensasjon i samsvar med § 19-2 i plan- og bygningslova då omsynet bak føremålet i lova eller planen det vert dispensert frå ikkje vert sett vesentleg tilsides og fordelane samla sett vert vurdert som klart større enn ulempene.

- 2. I medhald av plan- og bygningslova §§ 20-2 og 21-4 vert oppføring av einebustad på eigedommen gnr. 30, bnr. 715 godkjent slik det går fram av søknad, situasjonskart og teikningar stempla 07.07.2015.**

Løyve omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som oppgjeve under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Nabomerknader er ikkje teken til følgje.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Det må ikkje utførast arbeid utover det som er omfatta av løyve.

Dette løyvet saman med gjennomføringsplan skal alltid vera tilstades på byggeplassen.



**Tiltaket skal utførast i samsvar med dokumentasjonen ovanfor og elles på dei vilkår som går fram av saka.**

### **3. Det vert på dette grunnlag gjeve løyve til å setja tiltaket i gang.**

---

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av bustad med ei brukseining, og bruksareal på 164,8 m<sup>2</sup>, og bygd areal på 115,2 m<sup>2</sup>, som oppgjeve i søknad.

Søknad er motteken : 03.03.2015  
Ansvarleg søkjar : Byggmester Reidar Vallestad AS  
Tiltak : Bustad  
Eigedom : Gnr. 30, bnr. 715 (tidlegare bnr. 100)  
Vassforsyning : Offentleg  
Kloakk : Offentleg  
Vegtilkomst: : Privat via offentleg  
Planstatus : Utbyggingsplan for Knappskog  
Nabovarsling : Utført, det er registrert 3 merknader

Saka vert handsama i medhald av delegert fullmakt frå kommunestyret.

#### **Naboforhold og andre sine kommentarar**

Det er nabovarsla i samsvar med føresegna i plan- og bygningslova § 21-3, og det er registrert merknader frå eigarane av gnr. 30, bnr. 432, snr. 2, gnr. 30, bnr. 127, og gnr. 30, bnr. 432 snr. 1. Merknadene frå Hilde og Geir Solberg (bnr. 432 snr. 1) går i hovudsak på vegrett over bnr. 432 og 16. Dei har også innvendingar mot at det vert gjeve dispensasjon frå tillaten etasjetal i gjeldande utbyggingsplan, bustaden sin plassering frå hus på gnr. 30, bnr. 100, samt val av bustadtype. Arvid Hansen (gnr. 30, bnr. 127) har vist til at tomta har over fleire år fått plassert masser på eigedomen, slik at tomta sitt terrengnivå er blitt høgare. Hansen legg til grunn at ved utbygging vert tomta senka til opphavleg terrengnivå.

Bjørn Abusdal og Solveig Ellingsen har merknad om bruksrett til veg over gnr. 30, bnr. 432, og dei ber om at rett til å nytte vegen er avklart før tiltak vert sett i gang.

#### **Plangrunnlag**

Eigedommen omfattast av utbyggingsplan for Knappskog, vedteken 06.11.1989.

Det følgjar av § 3 at bustad kan byggjast i «inntil 1 høgde». Det står vidare at bygningsrådet kan godkjenne loftsinnreiing.

Bustad er søkt oppført med 2 etasjar, og tiltaket er difor avhengig av dispensasjon.

#### **Veg og tilkomst**

Frå offentleg til privat veg.

## **Uteoppfallsareal og parkeringsløyseringar**

Det er vist tilstrekkeleg areal til utomhusareal, og det er vist 1 parkeringsplass i tillegg til carport som er søkt oppført.

## **Visuell utforming**

Tiltaket innehar etter plan- og bygningsmyndigheitas skjønn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlige omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

## **Tryggleik mot fare**

Tiltaket skal ikkje plasserast i område med fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve, jf. opplysningar gjeve om tiltakets ytre rammer.

## **Forholdet til utvalde naturtypar**

I alle saker som råker naturmangfald vert det stilt krav etter naturmangfaldslova § 7 om at prinsippa i §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

Opplysningar frå naturdatabasen og artsdatabanken viser at det ikkje ligg føre kunnskap som tilseier at det er lokalt viktig eller verdifull naturmangfald i dette området. Det ligg heller ikkje føre andre opplysningar som tilseier at det kan vere trua eller verdifulle arter eller naturtypar i området. Ut frå desse opplysningane tilseier kunnskapsgrunnlaget i saka at naturmangfald vil i liten grad bli råka av tiltaket. Kravet i naturmangfaldslova § 8 om at saka skal basere seg på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt. I og med at tiltaket ikkje vil kome i konflikt med naturmangfald i området, vurderer ein det slik at det ikkje er naudsynt å foreta vurderingar etter naturmangfaldslova §§ 9-12

## **Dispensasjon**

Som grunngeving for dispensasjon vert det opplyst følgjande: *«I området regulert av bebyggelsesplanen er en større andel av området boliger oppført i over 1 etasjehøyde – altså har fått dispensasjon fra kravet. Etter pbl § 1-1 skal loven fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner. Vi legger til grunn at hensynene i lovens formålsbestemmelse ikke blir tilsidesatt ved søknaden ved en slik utbygging. Fordelene ved å gi dispensasjon må etter vår vurdering være klart større enn ulempene, ved at byggherre får realisert omsøkt bygg, samtidig som dette ikke i særlig grad går ut over øvrige interesser i området. Vi legger etter dette til grunn at vilkårene for å gi dispensasjon for bygg med høyde over 1 etasje på denne eiendommen må være oppfylt.»*

Saka har ikkje vore sendt til Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavingdelinga til uttale.

## **Vurdering:**

### Nabomerknader

Det ligg føre merknader om bruksrett til veg fram til ny tomt som er delt frå gnr. 30, bnr. 100. Ansvarleg søkjar har lagt ved ein avtale med eigar av gnr. 30, bnr. 16, som syner at ein har vegrett fram til tomte. Plan- og utbyggingssjefen kan ikkje sjå at det ligg føre informasjon

som gir grunn til å tvile på om ein har naudsynte private rettar til bruk av veg. Vi går difor ikkje ytterligare inn på dei merknader som gjeld bruksrett til veg.

Vidare kan ikkje plan- og utbyggingssjefen sjå at det har skjedd vesentlege endringar i terrenget på gnr. 30, bnr. 100. Vi legg til grunn at ansvarleg søkjar har oversikt om det er gjort søknadspliktige tiltak på eigedomen når det gjeld heving av terreng.

Det ligg føre ein erklæring for plassering av ny bustad 4,9 meter frå eksisterande bustad på gnr. 30, bnr. 100. I nabomerknad frå eigar av gnr. 30, bnr. 432 snr. 1, er det vist til at i dette området har alle hus godt med luft mellom kvarandre. Det er vidare vist til at slik huset er søkt plassert vil det vere «skjemmende og foringende å få en slik fortetting i dette området». Bustadene på gnr. 30, bnr. 100 og bnr. 715 skal brannsikrast i samsvar med teknisk forskrift, sidan bygga har ein avstand på mindre enn 8 meter mellom seg. Når det gjeld luft mellom bustadene i området, ser vi at det i utgangspunktet ikkje er tettbygd i feltet. Samtidig er det ikkje slik at det er 8 meter mellom alle bustadene, tomannsbustaden på bnr. 432 er mellom anna delvis plassert i nabogrense mot bnr. 429. Avstanden mellom bustadene er mindre enn 8 meter. Vi kan difor ikkje sjå at slik fortetting er nytt for området. Ansvarleg søkjar har også vist til at bygningane på bnr. 100 og bnr. 715, samla sett vil ha ein svært lav utnytting av tomta.

Det er også reist innvendingar mot bustadtype som er søkt oppført, sidan den skil seg ut frå eksisterande bygningsmasse i området. Ansvarleg søkjar har vist til at ikkje er ein einsarta stil i området, noko Plan- og utbyggingssjefen såg når vi var på synfaring. Det er sjølvstyk at det er ein eldre byggestil, men det er oppført både einebustader, tomannsbustader i ulik form og høgde. Det er i dag blitt svært vanleg å føre opp bustadtypar med saltak og pulttak. Plan- og utbyggingssjefen ser det som positivt med ein bustadtype som gjev kontrast til området. I tillegg er det som ansvarleg søkjar har vist til, positivt for nabo i bakkant med den bustadtypen som er valt, sidan den ikkje tek like mye av utsikt som andre typar hus kunne ha gjort.

Med bakgrunn i det ovanneemde, vert ikkje nabomerknader teke til følge. Merknad som gjeld etasjetal vert teke med i vurdering av om dispensasjon kan gis.

### Dispensasjon

I medhald av plan og bygningslova § 19-2 er det opna for at ein kan dispensere frå lova og planar vedteken i medhald av lova. Det kan ikkje gjevast dispensasjon etter § 19-2 dersom omsynet bak føremålet i lova eller planane det vert dispensert frå vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved vurdering av dispensasjonsspørsmålet skal ein leggje særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon skal statlege og regionale planar, rammer og mål særleg vektleggjast. Kommunen bør heller ikkje dispensere frå planar, lova sine vedtekter om planar og forbodet i § 1 -8 når direkte rørt statleg eller regionalt mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

I reguleringsføresegn § 3 går det fram at bustaden kan førast opp i inntil 1 høgde. Det

står vidare at bygningsrådet kan godkjenne loftsinnreiing. I rettleiing til grad av utnytting går det fram at loft som bare «inneholder tilleggsdel og som har bruksareal mindre enn 1/3 av underliggende etasjes bruksareal» ikkje skal reknast med i etasjetalet.

Omsynet bak regler om etasjetalet er at ein vil sikre at bygningane innanfor planområdet ikkje vert for høge og ruvande i terrenget. Ein ønskjer også i sikre ein einsarta utforming av bustadene sin høgde.

Eigar av gnr. 30, bnr. 432 snr. 1, har komen med merknad til tiltaket sin høgde. Han er av den oppfatning at slik bustaden er søkt plassert, vil den ta utsikt. Bustaden er plassert med kortsiden mot naboeigedom, og vert oppført med pulttak. Den sida som gjerne vil kunne opplevast som ruvande er sida som er vendt mot bustad på gnr. 30, bnr. 100. austleg side. Det er ikkje registrert merknader vedkomande bustaden sin høgde frå andre enn eigar av bnr. 432 snr. 1. Sidan snr. 1 er den delen av tomannsbustaden som er lengst vekk frå gnr. 30, bnr. 715, kan vi heller ikkje sjå at tiltaket vil ha noko påverknad på utsikta. Det er dei som bur i snr. 2 som vil bli påverka, og dei har ikkje kome med merknad til bustaden sin høgde.

Slik Plan- og utbyggingssjefen ser det har bustaden uansett fått ein plassering og takform som gjer at ein unngår å ta all utsikt frå tomta i bakkant. Som nemnt gjev planen moglegheit til å føre opp bustad med 1 etasje og eventuelt loft. Bustaden hadde ikkje blitt særleg lågare om bruksarealet i andre etasje hadde blitt redusert til 1/3 av underliggende etasje sitt bruksareal. Likevel ville bustaden i eit slikt tilfelle vore i samsvar med plan når det gjeld etasjetalet.

Gesimshøgda er i tillegg opplyst å vere 7,2 m, noe som er innafor det som er tillate etter plan- og bygningslova § 29-4. Det må også merkast at andre bustader i området er oppført med 2 etasjar, mellom anna tomannsbustaden som er plassert på gnr. 30, bnr. 432.

Med bakgrunn i det ovannemnde er plan- og utbyggingssjefen av den oppfatning at ein dispensasjon ikkje vil føre til at omsynet bak planen sin høgdeavgrensing vert sett vesentleg til sides.

Vidare må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene. Det er heilt klart ein ulempe at ein må gje dispensasjon frå krav som følgjer av utbyggingsplanen. Samtidig, ved å gje dispensasjon frå planen sin høgdeavgrensing, vert det ført opp eit hus som får ein storleik som er normal for einbustader i dagens samfunn. Det er også gjeve løyve tidlegare til bustader med 2 etasjar i dette feltet. Det er ikkje avdekka andre vesentlege ulemper for kringliggjande eigedomar. Tiltakshavar sitt ønske skal imøtekommast der ikkje avgjerande grunnar taler i mot, jf. rundskriv H-18/90 frå kommunal og regionaldepartementet.

Plan- og utbyggingssjefen har basert på det som er nemnt ovanfor kome til at fordelane ved å gje dispensasjon er "klart større" enn ulempene, jf. pbl. § 19-2.

Plan- og utbyggingssjefen har vurdert saka og finn grunnlag for å gje dispensasjon som omsøkt.

### **Ansvar og kontroll:**

Ansvarlege føretak er godkjent i samsvar med søknader om ansvarsrett.

Tiltaket skal utførast slik at krav i eller i medhald av plan- og bygningslova vert etterkome. Ansvarleg kontrollføretak er ansvarleg for at kontroll vert gjennomført og dokumentert i samsvar med kontrollplanar og tildelt ansvarsrett.

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
<i>Reidar Vallestad AS</i>	S	SØK/1/Heile tiltaket PRO/1/Mur-, betong-, og tømrankonstruksjonar, plassering av hus og radonsperre UTF/1/Tømrararbeid
<i>Sartor Maskin AS</i>	S	PRO/1/Grunnarbeid UTF/1/Grunnarbeid
<i>Sotra Rør og Sanitær AS</i>	S	PRO/1/Innvendig og utvendig sanitæranlegg UTF/2/Innvendig og utvendig sanitæranlegg
<i>Nilsen &amp; Sture Betong AS</i>	S	UTF/1/Betong, våtrom, radonmembran og pipe
<i>Sotra Oppmåling AS</i>	S	UTF/2/Plassering av hus
<i>JIBO Consult</i>	S	KONT/1/Lufttettleik og våtrom

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

### **Plassering:**

Dette tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart.

Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonskart stempla 07.07.2015. Høgde for topp sole vert godkjent på kote +46,3 m, topp gesims vert ut i frå teikningane fastsett til kote +53,5 m.

Det ligg føre erklæring for plassering nærare enn 4 meter frå nabogrensa. Tiltaket godkjennast som søkt, jf. pbl. § 29-4 tredje ledd.

### **Ferdigstilling**

Når tiltaket er ferdig skal ansvarleg søkjar sjå til at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest før tiltaket vert teke i bruk. Krav om ferdigattest eller mellombels bruksløyve skal vera vedlagt naudsynt dokumentasjon (jfr. SAK 2010 kap. 8):

- ◆ Oppdatert gjennomføringsplan
- ◆ Koordinatar skal leverast i gjeldande sosi-format.
- ◆ Stadfesting på at sluttdokumentasjon er sendt FjellVAR.
- ◆ Løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløype for gnr. 30, bnr. 715

### **Vatn og kloakk:**

Eigedomen skal knytast til off. vass- og avløpsnett. Eingongsavgifta for tilknytning skal vera betalt før fysisk tilknytning skjer.

### **Endring av løyvet:**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9, 1.ledd.

Dersom ein ønskjer å endra tiltaket i høve til denne godkjenninga må det søkjast særskilt om dette.

Dersom det vert skifte av tiltakshavar eller ansvarleg søkjar før tiltaket er fullført, skal det straks meldast til kommunen. Det same gjeld ved skifte av eigar, jf. pbl. § 23-2.

Saka vert no sendt over til partane og Fylkesmannen i Hordaland.

Dispensasjonen/løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell dispensasjonen / løyvet bort, jf. pbl. § 21-9, 1.ledd.

### **Gebyr:**

Behandlingsgebyr er rekna ut frå lokal forskrift om kommunale gebyr for 2015.

Tiltaket fell under følgjande punkt i forskrifta:

4.2.1. Bustad el fritidsbustad

1.eining: kr 11 773

+

4.6. Dispensasjon frå gjeldande planar, lovverk og forskrifter, jf. pbl. Kap. 19: kr 14 541

+

4.7 Gebyr for behandling av søknader om ansvarsrett:

Sentral godkjenning kr 946 x 6 = kr 5 676

---

= Totalt gebyr: kr 31 990

---

Faktura vert ettersendt tiltakshavar.

### **Klage**

Vedtaket kan klagast på til fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen melding om vedtaket kom fram til vedkomande part. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen, jf. forvaltningslova §32. Vis til vedtaket De klagar over, den eller dei endringar De ønskjer, og dei grunnane De vil vise til i klagen. Dersom De klagar seint slik at det kan være uklårt for oss om De har klaga i rett tid, må De også opplyse om kva dato denne meldinga kom fram.

De har etter forvaltningslova § 18 rett til å gjere deg kjent med dokumenta i saka dersom ikkje anna følgjer av føresegnene i §§ 18 til 19.


Dersom det er mogeleg at gjennomføring av vedtaket vert til skade for deg, kan De be om utsett iverksetting av vedtak, jf. Forvaltningslova § 42.

Det vert gjort merksam på at søksmål etter tvistemålslova ikkje kan reisast utan at retten til klage er nytta og klagen er avgjort av klageinstansen, jf forvaltningslova § 27 b. Søksmål kan


likevel reisast når det er gått 6 månader frå klagen er sett fram, og det ikkje skuldast forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg.

Vi ber om at De ved all kontakt med oss gjev opp saka sitt referansnr.: **2015/78.**

Med helsing



Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef



Tonje Kyrkjeide Åsebø  
rådgjevar

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland v/Plan- og beredskapsavdelinga	Postboks 7310	5020	BERGEN
Bjørn Abusdal og Solveig ellingsen	Hushaugen 16	5360	KOLLTVEIT
Arvid Hansen	Hushaugen 24	5360	KOLLTVEIT
Hilde og Geir Solberg	Hushaugen 14	5360	KOLLTVEIT



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Andreas Lussand Mordt, 55 57 23 68

Vår dato  
23.09.2015  
Dykkar dato  
26.06.2015

Vår referanse  
2015/9274 421.52  
Dykkar referanse  
15/38212

Statens vegvesen Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

### **Klage over avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø - Veglova - Os – Gnr. 4 bnr. 1 – Klagar: Rolf Terje Bergheim**

Fylkesmannen viser til oversending av 26.06.2015, motteken her 29.06.2015.

#### **Vedtak**

Fylkesmannen *stadfestar* Statens vegvesen sitt vedtak av 21.04.2015 som avslår søknad om utvida bruk av avkøyrslø frå E 39 til ny bustad på gnr. 4 bnr. 1.

#### **Bakgrunn:**

Saka gjeld søknad av 24.03.2015 om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø frå E 39 til eit nytt bustadhus på gnr. 4 bnr. 1.

Statens vegvesen av slo søknaden i vedtak av 21.04.2015.

Vedtaket vart så klaga på av Rolf Terje Bergheim i skriv av 12.05.2015.

Statens vegvesen tok stilling til klagen i skriv av 26.06.2015. Klagen vart ikkje teken til følgje og saka vart så sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vi legg til grunn at vegvesenet og klagar er kjent med sakshistorikken og dokumenta i saka elles. Vi gir derfor ikkje ytterlegare referat av desse her. Fylkesmannen finn at saka er tilstrekkeleg opplyst.

#### **Fylkesmannen si vurdering:**

Etter veglova § 40 første ledd kan avkøyrslø frå riksveg i utgangspunktet berre byggjast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova.

Der slik plan ikkje ligg føre eller ikkje omfattar avkøyrslø, "[...] må avkøyrslø frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggjast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret[...]"», jf. veglova § 40 andre ledd.

Ordlyden "nyttast" inneber at ein også treng løyve til utvida bruk av lovlig etablert avkøyrslø.



Denne saka gjeld utvida bruk av avkøyrsløve. Den utvida bruken er ikkje avklara i reguleringsplan eller kommuneplanen sin arealdel. Den utvida bruken er såleis avhengig av løyve frå Statens vegvesen.

Veglova § 40 gir ikkje sjølv retningsliner for vegmyndigheitene sine avgjerder etter føresegna. Slike retningsliner er likevel gitt i forskrift av 26.2.1982.

Under punkt 1 står det mellom anna:

*”Medan omsynet til vegen og ferdsla såleis vil kunne tale mot å gi avkjørsleløyve, kan andre overordna samfunns mål og private interesser tale for at løyve bør gjevast.*

*Dersom eit avkjørsleløyve ikkje vil kome i strid med omsyn som gjeld vegen og ferdsla, herunder først og fremst trafikktryggleik og vegen sin transportfunksjon, skal løyve gjevast. [...] Er det ut frå omsynet til vegen og ferdsla uakseptabelt å gi løyve til avkjørsle, skal søknaden avslåast.”.*

Som det går fram av forskrifta sitt punkt 4, skal søknaden også vurderast på bakgrunn av rammeplanar. Statens vegvesen har utarbeidd ein rammepplan for avkøyrsløve og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest for perioden 2013-2016 av oktober 2013.

Planen viser kva for haldningar vegvesenet har til avkøyrsløve til vegnettet i Hordaland. Planen tar utgangspunkt i 4 haldningsklasser. Den aktuelle strekninga er plassert i haldningsklasse 1 (Raud) som er den strengaste haldningsklassa.

Av omtalen til denne klassen i pkt. 11 går det mellom anna fram at vegen i prinsippet skal vere fri for avkøyrsløve anna enn avkøyrsløve som er tatt inn i reguleringsplan. Når det gjeld vurderinga av unntak frå denne hovudregelen heiter det i pkt. 12.2 at

*«Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan utvida bruk av avkøyrsløve godkjennast. Dei tekniske krava til utforming skal stettast. Med unntak av fartsgrense, er dette krav Statens vegvesen ville ha stilt i ein reguleringsplan.»*

Det er såleis eit svært snevert rom for å gi løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsløve på den aktuelle vegstrekninga.

Statens vegvesen har i si vurdering komme til at utvida bruk av avkøyrsløve vil komme i strid med omsynet til trafikktryggleik. Dei har i vedtaket av 21.04.2015 og i oversendinga hit av 26.06.2015 vist til at avkøyrsløve ikkje stettast dei tekniske krava til utforming. Den private vegen ned til avkøyrsløve er bratt og medfører fare for overvann ut i E 39. Dette kan skape trafikkfarlege tilhøve særleg vinterstid. Vidare kryssar avkøyrsløve gang- og sykkelvegen på ein uheldig måte, og busslomma sør for avkøyrsløve er også dårleg tilpassa avkøyrsløve. Krysset er allereie uoversiktleg som følgje av at den er lang og vert nytta også av bensinstasjonen/verkstaden. Den har pr. i dag også ein del trafikk.

Etter Fylkesmannen si vurdering taler omsyna til trafikktryggleik etter dette klårt mot at det vert gitt løyve til utvida bruk av avkøyrsløve. Avkøyrsløve stettast heller ikkje dei tekniske krava til utforming. Gitt den strenge haldninga til avkøyrsløve i raud haldningsklasse, skal det såleis mykje til for å gi løyve til utvida bruk av avkøyrsløve. Etter Fylkesmannen si vurdering er ikkje

Klagar sitt ynskje om avkøyrsla til ny bustad tilstrekkeleg til å vege opp for dei negative verknadene den utvida bruken vil ha for trafikktryggleiken i krysset. Vi er såleis samd med Statens vegvesen sitt vedtak.

Klagar har reagert på at Statens vegvesen har gitt avslag i denne saka, mens vegvesenet har gitt løyve til utvida bruk av avkøyrsla for gnr. 4 bnr. 33 og for utvida bruk av avkøyrsla til ER-AN veikro.

For at det skal liggje føre usakleg forskjellshandsaming må Statens vegvesen sitt avslag representere eit unntak frå ein forholdsvis fast og eintydig praksis utan at ein kan gi nokon sakleg grunngjeving for unntaket. Den praksisen det samanliknas med må bestå av tilnærma identiske saker både rettsleg og faktisk. Kommunen har likevel høve til å endre praksis over tid utan at dette inneber usakleg forskjellshandsaming.

Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen i at det ikkje ligg føre usakleg forskjellshandsaming i denne saka. Løyvet til utvida bruk av avkøyrsla for bnr. 33 vart opphavleg gitt i 2006. Retningslinene for vurdering av avkøyrsl saker er stramma inn sidan den tid i nye rammeplanar. Sakene er såleis ikkje rettsleg sett samanliknbare. Når det gjeld avkøyrsla til ER-AN veikro har Statens vegvesen opplyst at denne er i samsvar med dei tekniske krava til avkøyrslar. Terskelen for å gi løyve til utvida bruk er såleis lågare, jf. rammeplanen pkt. 12.2 ovanfor. Sakene er difor ikkje samanliknbare.

Klagen har etter dette ikkje ført fram.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Andreas Lussand Mordt  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Os kommune	Postboks 84	5202	Os
Rolf Terje Bergheim	Byvegen 558	5212	SØFTELAND